

# PÅSKA GJENNOM ULIKE AUGE

I dette opplegget blir deltakarane kjende med påskeforteljinga gjennom nokre sentrale personar frå forteljinga. Peter, Pilatus, Maria Magdalena og Tomas fortel om kva dei har opplevd, og saman gir det eit nokså godt bilete av påskedagane.

**Ledere:** Fire leiarar til å spele dei ulike bibelske personane.

**Tidsbruk:** 45–60 minutt.

**Utstyr:** Utkledningsutstyr til Peter, Pilatus, Maria Magdalena og Tomas. Stearinlys til å lyse opp på vandrainga.

**Deltakarar:** 5–100

**Mål:** Deltakarane skal bli kjende med bibelske personar og identifisere seg med dei.

**Rom:** Eitt stort eller fleire rom, slik at deltakarane kan møte ulike bibelske personar ulike stader.

## MØTE MED ULIKE PERSONAR

Fordel dei fire bibelske personane på fire leiarar som skal kle seg ut som den bibelske personen og framføre teksten. La gjerne leiarane arbeide med tekstane og gjere dei til sine. Det er ikkje så avgjerande at dei fortel nøyaktig det som er skrive i teksten, det viktigaste er at dei fortel levande og utan manus. Lag til ulike stasjonar, gjerne i eit mørkt rom der eit stearinlys eller liknande kan lyse opp leiarane som skal vere skodespelarar. Bruk gjerne kyrkjerommet.

Gå med alle deltakarane i samla flokk, eller del dei opp i mindre grupper. Gå til alle stasjonane og høyr dei ulike forteljingane. Når de har høyrtd ferdig, går de inn i rommet der de skal ha resten av samlinga. De kan også bruke midten av det rommet de har nytta til bibelvandring.

### Peter

Eg heiter Peter. Eg er egentleg ingen talar. Eg er berre ein heilt vanleg fiskar frå Genesaretsjøen. Eg har vore mange tusen netter ute i båten med garna og den sleipe fisken. Eg har vore ute i båten både i storm og i blikkstilte sommarnetter. Men då Jesus kom til båten min og spurde om eg ville følgje han, verka alt dette plutselig heilt uviktig. Eg ville berre vere saman med han. Eg blei med i ein gjeng, ein slags familie på tjue menneske, som alltid var saman med Jesus. Det var dei beste åra i livet mitt. Eg var så vanvitig glad i Jesus, og eg ville gjere alt han bad meg om å gjere.

Så, plutselig, begynte Jesus å snakke om at han skulle døy. Det var heilt forferdeleg! Korleis kunne han seie noko sånt? Vi kunne ikkje la Jesus døy! Eg lova Jesus at eg aldri skulle svikte han.

I dagane i påska endra alt seg. Lyset og gleda som hadde følgt oss desse åra, forsvann. Jesus snakka om at ein av oss i gjengen hans skulle få han utlevert til romarane. Så blei Jesus teken til fange, og eg blei frykteleg redd. Plutselig torde eg ingenting av det eg hadde lova å gjere for Jesus. Eg følgde etter soldatane og Jesus på avstand for å sjå kva som hende, og inne hos Pilatus hende det verste. Nokre av dei som var der, kjende meg att som ein av vennene til Jesus. Eg blei livredd, og eg nekta. Då Jesus trong meg, sa eg at eg ikkje kjende han. Eg har aldri kjent meg så liten, dum og svak som nett då.

## Pilatus

Eg heiter Pilatus. Keisaren i Roma sende meg til Jerusalem for å styre området. Det er ein slitsam jobb, for folket her misliker romarane. Det kryr av opprørarar og bråkmakarar som berre vil øydeleggje. Men eg bestemmer over mange tusen soldatar med rustningar, sverd og hestar, og eg er ikkje redd for å straffe dei som lagar bråk. Dei verste pøblane krossfestar vi.

Men Jesus var ingen bråkmakar. Då dei som retta skuldingar mot han, førte han fram for meg, såg eg at han var annleis. Han hadde ikkje ville auge eller sterke armar. Han ropte ikkje og var ikkje frekk. Han snakka med roleg røyst og møtte blikket mitt. Skulle eg dømme han til døden? Eg skjønna med ein gong at denne mannen var uskuldig. Eg ville ikkje ha noko med dommen mot han å gjere. Kven vil vere skuld i at eit uskuldig menneske blir fengsla eller drepe? Men eg hadde heller ikkje lyst til å bli upopulær. Og så fekk eg ein idé. Det var alltid slik at ein fange blei sett fri i påska. Eg fann fram den verste pøbelen vi hadde i fengselet, Barabbas. Han blei ført fram for folkemengda, og så spurde eg dei: Vil de ha Barabbas eller Jesus fri? Eg kjem aldri til å gløyme kva som hende då, og eg kan framleis ikkje fatte det. Folket ropte: «Barabbas! Barabbas! Barabbas!» Eg torde ikkje anna enn å setje røvaren Barabbas fri og dømme Jesus til krossfesting.

## Maria Magdalena

Eg heiter Maria. Eg følgde Jesus i tre år. Eg såg blinde få synet att, eg såg Jesus få ein matpakke til å bli nok mat til fem tusen menneske, og eg såg korleis andre menneske endra seg heilt då dei møtte han. Eg fekk med meg alt dette, men var alltid litt i bakgrunnen. Det var mennene som tok dei fremste plassane. Dei tolv læresveinane stod som regel nærmast Jesus. Peter og Johannes var dei aller nærmaste.

Men då alt det forferdelege skjedde i påska, flykta alle mennene. Eg trur dei var redde for å bli stempla som opprørarar og bli krossfesta dei òg. Men vi kvinnene var ikkje redde for soldatane. Dei såg ikkje på oss som nokon trussel. Så då Jesus blei krossfesta, var eg der. Eg stod ved krossen saman med nokre andre kvinner. Eg var med på å ta han ned frå krossen og leggje han i holegrava.

På søndagen skulle eg gå til grava for å vaske og stelle den døde kroppen. Eg sov ikkje den natta, og eg gjekk heimanfrå då det begynte å lysne. Då eg kom fram, såg eg at steinen var velta bort. Kva hadde hendt? Eg blei redd! Hadde nokon stole den døde kroppen? Eg sprang til Peter og Johannes for å fortelje det, og eg fekk dei til å følgje meg til grava. Dei såg at grava var tom, og så gjekk dei. Då dei hadde gått, stod eg åleine att. Då var plutselig Jesus der. Det var heilt utruleg! Eg såg han, eg snakka med han, eg visste at det var han! Og noko av det raraste var: Eg som alltid hadde følgd Jesus bak alle dei mannlege læresveinane, var den første som fekk møte han etter at han hadde stått opp frå dei døde!

## Tomas

Eg heiter Tomas. Eg var ein av læresveinane til Jesus, ein av dei tolv som følgde Jesus rundt omkring i tre år. I tida då eg følgde Jesus, gjorde han mange utrulege ting. Han gjorde vatn til vin, han gjorde sjuke friske, ja, han gjekk endå til på vatnet! Eg såg det med mine egne auge. Men då Jesus blei krossfesta, fall alt saman. Eg hadde drege frå familien og venner for å følgje han. No skjønna eg plutselig at eg hadde kasta bort tre år av livet mitt.

Men etter nokre dagar skjedde det noko sprøtt. Dei andre læresveinane sa at dei hadde møtt han. Trudde dei på spøkjelse? Dei var heilt alvorlege då dei fortalde det, men kva skulle eg tru? Kanskje dei berre hadde drøymt? Såg dei syner? Eg sa til dei: «Eg kan ikkje tru på det om eg ikkje får sjå naglemerka i hendene hans og kjenne på såra hans.» Ein kveld var vi saman for å snakke om alt som hadde hendt. Eg stilte mange spørsmål og prøvde å finne ut om det dei fortalde, var sant. Då, heilt plutseleg, stod Jesus der. Han sa at eg skulle kome med fingeren og kjenne på såra hans. Eg kjende på hendene hans, på det storkna blodet, på føtene og på magen der dei hadde stukke inn eit spyd. Eg kunne ikkje tru at det var han, og samtidig var alt heilt verkeleg. Han var levande att!

## VEL EIN PERSON

Etter vandringsmøtest alle deltakarane i same rom. Set av ein plass i rommet for kvar av dei bibelske personane, til dømes eit hjørne for kvar av personane Peter, Pilatus, Maria Magdalena og Tomas. Deltakarane skal no velje kven av dei bibelske personane dei gjerne ville blitt betre kjende med. Når alle deltakarane har valt ei plassering, set dei seg ned og snakkar om kva meir dei gjerne skulle visst om personen. Dersom det er for mange deltakarar til at dei kan arbeide saman i gruppe, kan leiaren av opplegget i staden be nokon frå kvar gruppe om å fortelje om valet sitt:

- Kvifor valde du denne personen?
- Kva blei du nysgjerrig på?

Dersom dei fire skodespelarane føler at dei kan meistre det, kan dei møte kvar si gruppe for vidare samtale. Alternativt kan de høyre frå kvar gruppe i plenum og svare på dei spørsmåla som det er mogleg å svare på ut frå tekstar i Bibelen.

## OPPSUMMERING

Hald ei kort oppsummering med nokre av desse poenga:

- Menneska i Bibelen var nokså like oss. Slik vi trur, tviler og stiller spørsmål, gjorde dei det same.
- Forteljingane om Jesus blei først spreidde nettopp på denne måten: Einskildmenneske og grupper fortalde om det dei hadde opplevd saman med Jesus. Etter kvart blei forteljingane samla, og slik fekk vi den Bibelen som vi kan lese i dag.
- Å møte ein bibeltekst er litt som å møte ein person. Vi kan kome med spørsmål til teksten, og vi kan finne svar på spørsmåla.